



Det kongelige olje- og energidepartement  
Postboks 8148 Dep

0033 OSLO

Dykkar ref.

Vår ref.  
13/2145 RER

Arkivkode

Dato  
21.01.2013

### Høring - endringer i energilova og energiforskrifta

Vi viser til høringsbrev frå Olje- og energidepartementet datert 07.12.2012.

Hå formannskap behandla endringsforslaga i energilova og energiforskrifta i møtet den 15.01.2013 og gjorde i sak 03/13 følgjande vedtak:

- *Hå kommune gir si tilslutning til forslaget om å endra konsesjonsgrensa for vindkraftverk frå ei spenningsgrense til ei effektgrense på 500 kw pr. vindkraftverk og maksimalt 2 vindturbinar pr. anlegg.*
- *Hå kommune anbefaler at også større vindkraftanlegg skal behandlast etter byggesaksreglane i plan- og bygningslova.*
- *Hå kommune støttar forslaget om forhandlingsplikt for fjernvarmekonsesjonærar som mottar søknad om leveransar eller adgang til fjernvarmenettet.*
- *Hå kommune anbefaler at forslaget om at NVE (departementet) skal få ei meglarrolle går ut. Departementet (evt. NVE) kan ved klage frå tredjepart på konsesjonæren sitt evt. avslag heller ha ei rolle i å sjå til at avslaget er sakleg og ikkje ei utnytting av ein monopolitisk marknadsposisjon.*

Kopi av saksframlegget i formannskapsak 03/13 følgjer vedlagt til orientering.

Med helsing  
Hå kommune

Rolf Einar Ree  
kommunalsjef

#### Vedlegg:

1 Formannskapsak 03/13

*Dokumentet er elektronisk godkjent og treng ikkje signatur*